

Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR
NR. 4 – DESEMBER 2007 – 10. ÅRGANG



Norsk
Seterkultur

Seterbrukaren

Kjem med fire utgaver i året, og neste blad kjem i mars 2008. Fristen for stoff og annonsar er 20. februar.

Til seters

På www.seterkultur.no kan ein under tittelen "Til seters" finne informasjon om mange setre. Vi veit at ein god del gjestar finn vegen til seters via denne kanalen, og oppmodar fleire om å nytt den. 2-3 bilte og informativ tekst om setra og tilboda der, sendt til Norsk seterkultur, er alt som skal til. Medlemskapet i NSK dekkjer kostnaden med dette tilbodet.

Markedsplassen

på www.seterkultur.no er alt "i gang med" setersommaren 2008! Folk som er interessert i arbeid på seter eller har særskilte ynskje om opphald på seter legg ut informasjon der. Håpet er at vi på denne måten bl.a. kan hjelpe til med å skaffe arbeidshjelp til setrene. Det er alt mange som søker seterjobb via denne kanalen, og vi oppmodar seterbrukarane om å leggje ut jobbtillbod der. Vi veit i allefall at mange av dei som ynskjer seg ein sommar på ei seter er innom www.seterkultur.no

Bruk NSK

i marknadføringa

På nettstaden til NSK - www.seterkultur.no kan ein klikke på "Til seters" og finne informasjon om ei rekkje setre. Vi veit at ein god del gjestar finn vegen til seters via denne kanalen, og oppmodar fleire om å nytte den. 2-3 foto og informativ tekst om setra og tilboda der, sendt til Norsk seterkultur, er alt som skal til. Tilbodet kostar berre medlemskap i NSK.

Styret:

Stein Brubæk, leiar
6636 Angvik, tlf. 71 29 27 32/91 56 32 59
sbrubæk@c2i.net

Oddveig Eggen
2550 Os i Østerdalen Tlf. 62 49 71 86
post@spellmoen.no

Odd Arne Espeland, Jondal
5627 Jondal Tlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55
odar-esp@online.no

Geir Grosberg
2640 Vinstra. Tlf 92 89 26 65.
ggrosber@online.no

Varamedlemmer

Wenja Rui, 3864 Rauland, tlf. 35 07 31 20 / 90 66 17 15
wenjarui@combitel.no
Siv Eggen, 7760 Snåsa, tlf. 48 10 27 85.
Marit Hoel, Skrenten 7D, 6411 Molde – Tlf. 71 24 46 04
hoel.marit@c2i.net

Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169
Redaktør: Jostein Sande
Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS
Trykk: Birkeland trykkeri

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.
Framsidedfoto: Jostein Sande.

Takk for tilliten!

La meg først få takke for tilliten som ble vist meg ved å foreslå og så velge meg som leder for Norsk Seterkultur. Nå slapp jeg å bruke mye tid på valgkamp... det er ikke så mange som sloss om verv i landbruket. Dette er litt underlig etter min mening, siden knapt noen del av norsk landbruk har så stor sympati og støtte fra befolkningen som seterdrifta.

Muligens er det noen som ser på setringa som en gammeldags måte å drive gård på. Vel, jeg håper at Norsk Seterkultur i åra fremover skal endre dette slik at vi alle ser på det å setre som en moderne driftsmåte, med god inntjening for bonden og stor legitimitet i befolkningen. Det var i hvert fall et av hovedargumentene jeg fremførte til næringskomiteen i Stortinget da vi ble invitert til åpen høring i forbindelse med Statsbudsjettet for 2008. Så gjenstår det å se om vi fikk frem budskapet nok til at det gir uttelling i skilling.

Årsmøtet vedtok en offensiv arbeidsplan for 2008. Den går vi nå løs på.

Det nye styret skal ha sine første møter i november. Vi håper at medlemmer tar kontakt med oss om det er saker dere ønsker støtte til eller bare for en seter-prat. Dere finner navn, adresser og telefonnummer på denne sida i Seterbrukaren. Styret vil også be dere om hjelp til å verve flere medlemmer. Det er ALT for mange seterbrukere som ikke er medlemmer. Vi vil arbeide hardt for å vise at vi kan være en god støttespiller for alle som driver seter og dermed at medlemskapet kan være vel verd!

Stein Brubæk



Nytt frå styret

Styret i Norsk seterkultur møttest i Oslo 29. og 30. november, torsdag i møtelokale hjå Norges Bondelag, fredag hjå Norsk Bonde- og Småbrukarlag. På møtet vart Oddveig Eggen vald til nestleiar. Styret hadde eit godt "arbeidsmøte", fortel styreleiar Stein Brubæk. Vi har spurt han om nokre av vedtaka på møtet og planane organisasjonen har framover.

Han seier at dei gode røynselene med seterkonferansen på Fagernes sist mai, gjer at styret set i gang planlegginga av ein ny seterkonferanse – i mai 2008 truleg i Trøndelag. Innbyding og program kjem i Seterbrukaren i mars og på www.seterkultur.no Aktuelle tema er den nye seterforskrifta, prising av seterprodukt og vertskapsrollen.

Vidare arbeider styret med planar om ein setervegleiar, ei enkel handbok, som skal gjera vidare drift og evt. oppstart av seterdrift enklare. Dette skjer i nært samarbeid med landbruksavdelingane i Sør- og Nord-Trøndelag og Møre og Romsdal.

Styret ynskjer vidare å ta opp med Tine BA om det er muleg å utvikle eitt eller fleire seterprodukt. For NSK er det på den måten viktig å signalisere kor viktig det er å sikre framtida for dei tradisjonelle mjølkeprodusentane med seterdrift. Det er ikkje nok med berre nisjeprodukt og reiseliv for at seterdrifta skal ha ei positiv framtid.

Det trengst og industrielle produkt basert på råstoff frå setrene.

Neste styremøte blir i Trøndelag i februar, og styret oppmodar medlemmane om å koma med innspel og forslag til styret – aktuelle saker, innspel som kan bringast vidare til faglag og departement og ynskje om kva organisasjonen skal arbeide med. Vi er opne for reaksjonar og innspel, seier Stein Brubæk.

Fagdag ved direktoratet for naturforvaltning

Direktoratet for naturforvaltning (DN) inviterte den 7. nov 2007 til ein fagdag under tittelen: Ny kunnskap og utfordringer knyttet til fjellområda våre. Norsk Seterkultur var representert ved leder. Programmet omfattet et bredt spekter, men setring og seterområda var viet en betydelig oppmerksomhet.

Selv om DN er en del av statsforvaltningen så er det tydelig at det ikke er en samkjørt politikk til hvordan det skal være mulig å foreta en næringsutvikling i tilknytning til setra. Mens Landbruks- og matdepartementets strategi i : Ta landet i bruk, gir en vid definisjon av hvordan man skal kunne

utnytte de ressurser man har i form av bygninger og kultur, var det tydelig at enkelte i DN var mest opp-tatt av bevaring, UTEN å se at det ikke vil bli igjen så mange aktive setre om ikke det gis utviklingsmuligheter som sikrer en inntjening for bonden. Konkret ser man dette ved at forvaltningsplaner for verna områder har en helt annen definisjon av landbruk enn hva departementet har. Dette ble pekt på av så vel undertegnede som av Norsk Bonde- og Småbrukarlag sin utsending, Jon Petter Løvstad, med anmodning om at statsforvaltningen snarest mulig må bli enige med seg selv!

Stein Brubæk

Budeiekalender

Kven er den norske budeia? er arbeidstittel for eit prosjekt journalist og fotograf Ingrid Eide, busett i Tolga i Nord-Østerdalen, er i ferd med å avslutte. Produktet er ein veggkalender i A3-format med to bilete for kvar månad og ein tids/vekeplanleggar i høgdeformat med 52 bilete.

Med desse kalenderane ynskjer ho å synleggjera eit mangfald av budeier og setermiljø: ungdommen med eitt bein i distriktet og eitt i byen, som sitt og spelar lydlaus el-gitar på vanen mens dyra er i fjøset, tradisjonberaren, gründeren, ukrainaren eller polakken, turbo-budeia, den trippelarbeidande 30-åringen som nyleg har overteke



Inger Aasgård fra Vingelen er ei av budeiene som er avbilda i kalenderen. Ingrid Eide har laga kalenderen i to utgaver.

garden og som har småborn og full jobb ved sida av garden. Ingrid fortel at det er mannen hennar, Torbjørn Liell som står for designen av kalenderane, og at ho neste år går laus på eit nytt kalenderprosjekt – kven er den

norske bygdekvinna?

Budeiekalenderane har foto og tekst frå fire fylke, Hedmark, Oppland, Buskerud og Sør-Trøndelag.

Olympiade for fjellost

5. Olympiade der Käse aus den Bergen – "Olympiaden for fjellost" gjekk føre seg i skimetropolen Oberstdorf i Allgäu i Bayern i Tyskland i helga – 26.-28. oktober.

Käse, fromage, cheese – ja ost på mange språk og i enda fleire smakar frå tidleg morgon til seine kveld. Over 50 salsbuer, meir enn 700 ulike ostar i mange klassar til kåring – ein stor sal i Oberstdorf Haus med bord i rekker på rekker full av ost - og ein jury som skar og smakte til seminar og konferansar, ekskursjonar, fesjå – og eit utruleg opptog av bunadar, historiske tablå, korps m.m.m. gjennom Oberstdorfs gater. Over 50.000 besøkande!

"Etteranmeldt" reiste ei "tropp" frå Noreg sørover - etter sterk oppmoding frå arrangøren. Og om den norske brunosten kom litt seint fram til bedømminga – og juryen

ikkje var heilt budd på noko så eksotisk, så vart den norske bua ein av folkets favorittar! Fleire TV-team, m.a. store ARD Bayerische Rundfunk oppdaga dette, saman med fleire mindre TV-kanalar, radio og aviser – og pågangen vart ikkje mindre!

Alpelanda dominerte arrangementet, men Noreg vart nok saman med Japan rekna som den mest eksotiske standen. Andre langvegsfarande deltakarar var Mexico og Canada.

Buene med ost og atter ost – og kreativ informasjon var opne frå 10 til 10 fredag og laurdag, og til høgtideleg avslutningsseremoni søndagskvelden med overlevering av ansvaret for neste fjellost-olympiade til Saignelegier i Sveits om to år. Høgtideleg var opningssereminien og, med deltakarlanda sin innmarsj og presentasjon på scena i parken sentralt i Oberstdorf.

Brunosten frå Herdalssetra i Norddal og Gammelsetra i Grøvdalen og Torbuvollen i Torbudalen i Sunndal gjekk unna – det var kø så lenge olympiaden varte, og folk likte osten!

Den påbodne spyttbakken utanfor bua var heilt unødvendig!

Gjennom store plakatar og brosjyrar vart norsk seterkultur presentert – med hovudvekt på mangfaldet i osteproduksjon.

Og i tillegg til brunost av både geit- og kumjolk fekk dei besøkande smake eit anna fjellprodukt – Snøfrisk frå Tine-mei-

Framhald side 5



Mjølkk for ein million!



Kyrne beiter på den 400 dekar store innmarka.

Vi leverer mjølk for ein million dei tre månadane vi er på setra. Drifta går bra og vi føler vi både har greidd å ta vare på det gamle stølsmiljøet og skape nytt for framtida. Dyrkinga og bygginga for snart 30 år sidan var litt av eit løft, men vi angarar ikkje.

Det er Odd Velle, ein av brukarane på Auresetra i Sunndalen i Sykkylven som seier dette. Saman med kona Bjørg driv han eitt av bruka på Aure – med setra om lag 10 km unna.

Det er vanlegvis 110 kyr på Auresetra om sommaren, frå 11 buskarar – der deltakinga varierer frå 2 til 20 kyr som mjølkar. Kyrne som mjølkar beiter på den 400 dekar store innmarka som vart dyrka opp på slutten av 1970- talet. Ungdyr og sauer beiter i utmarka og på det gamle stølsområdet, som dermed vert halde ope og i god hevd. Bjørg og Odd Velle sitt bruk har ein kvote på 115 tonn, og i

t tillegg til kyrne har dei opp mot 20 vinterfora sauer og to hestar.

TA I BRUK SETRA OG GARDEN SINE RESSURSAR
Bjørg og Odd Velle er drivkrefter i å utvikle aktivitet på setra som kan gi ekstra inntekt til brukarane. Såleis er dei med i eit prosjekt som óg omfattar to andre stølar i Sykkylven, Dravlausstølen og Drotninghaugstølen. Odd fortel at prosjektet har som mål å styrke inntektsgrunnlaget for bruka, der ein meir medvete nyttar setra og dei samla ressursane til bruket. For eigen del ynskjer dei å ta i bruk heile stølen og dalføret for å kunne skape ei mest mogeleg spesiell oppleving. På Auresetra har den årlege ”stølsturen”, med over 1500 gjestar og deltakarar, vorte litt av ein suksess. Vidare ynskjer dei å dele gleda ved bruk av hest med fleire – og bruke hestane i næringssamanhang. Såleis har dei bygd opp kompetanse innan stell og bruk av hest, og tilbodet er barneriding, bruk av gamle hestereiskapar og hesteferder i fjellet.

Auresetra og Sunndalen har mykje å by på og Odd reknar opp dei sentrale ressursane dei har som utgangspunkt for vidare satsing: aktiv seter med dyr, kompetanse på mjølkeproduksjon og hest, stølsbygningar – både gamle og dei nye som tilhøyrer fellessetra, lokal mattradisjon - og god bilveg til setra, men ikkje gjennomfartsveg. Potensialet for turistbasert næringsutvikling er stort for denne setra, kort veg til Ålesund og ikkje langt frå verdsarvområdet. Bjørg og Odd er aktive i folkedansmiljøet, så også den delen av kulturen er representert når dei innbyr til opplevingar i setermiljøet.

Odd fortel at interessen for setra er stor, utan at det så langt har gitt særleg økonomisk uttelling for eigarane – utanom den tradisjonelle inntekta frå husdyrholdet. At stølen og seter dalen er felleseige er både styrke og utfordring, det krev semje om kva ein gjer – men dei er og fleire om å satse. Såleis er fellesskapet no i gang med å byggje eit felles sanitærlegg for dagsbesøkande på setra. For eigen del ynskjer Bjørg og Odd å tilby opplevingar basert på turar med hest og nærkontakt med aktivt dyrestell på stølen. Vidare ynskjer dei å knyte banda attende i tid gjennom setra si historie. I prosjektet som får støtte frå Setersatsinga i Møre og Romsdal driv dei marknadsundersøking og knyter kontakt med aktuelle samarbeidspartnarar. Odd fortel at det heile byrja med at ein såg at det dei har tilbydd gratis har ein salsverdi – og så kom vi til at vi må innstille oss på å ta betaling for tenester på setra. I denne prosessen legg Odd vekt på kor viktig det er å lære av andre, byggje nettverk – og han nemner medlemskap og deltaking i Norsk seterkultur som nyttig og viktig.

SUKSESS MED STREIF OG STØLSTURAR

Det starta med Streif 2005, sidan har det vore Stølsturen både i 2006 og 2007. Og som vi

Setersatsinga

Setersatsinga 2006-2010 omfattar fylka Oppland, Hedmark og Møre og Romsdal og 10 millionar jordbruksavtale-kroner fordelt på fem år. Såleis har dei tre fylka 667.000 kroner kvar i året til tiltak innan seterdrift. Hovudmålet, i følgje tildelingsbrevet, er å ”fremme setring som kulturbærende, reiselivsprodukt og merkevarer for å styrke næringsgrunnlag, sysselsetting og bomiljø i nnlandsområdet/indre fjordområder”. Delmål: styrke gardsbruk i grender med seterdrift. Beholde det tradisjonelle bandet mellom garden i bygda og setra – og legge til rette for næringsutvikling i forbindelse med setring. Reiselivspro-

dukt: seteropplevingar – kontakt med dyr, setermat, bygningar, bli fortalt historia/kjenne kulturarven, natur og landskap i seterområda, kurs/kompetanse. Produktutvikling med råvarer frå setra/gardsbruk med seter: produkt frå gard og seter, merkevarer frå eit område. – Det er vel elles ingen løyndom at Norsk seterkultur har vesentleg ære for at dette prosjektet omfattar tre fylke; opphavleg var det planlagt som eit langt meir avgrensa prosjekt.

Mange fellesetere i Møre og Romsdal

I 2006 var det 19 enkeltsetere og 43 fellesetere med aktiv mjølkeproduksjon i Møre og Romsdal. I alt 2005 gardsbruk deltek i denne seterdrifta. I det

regionale miljøprogrammet blir kvar setereining i fylket tildelt (etter søknad) 30.000 kroner.

Lokale prosjekt

I Møre og Romsdal blir pengane i Setersatsinga brukt til:

Utviklingsprosjekt: Seterlandet Sunndal, Setrar i Sykkylven, Langsætrane i Stordal og Herdalen. Kompetansebygging: fagdag om mjølkeforedling, studietur til Røros, kurs i enkel mjølkesyrning, nettverkssamling for prosjekta og ystekurs. Seterstreif: Stølsturen i Sykkylven, Langsæterdagane. Samarbeid: Oppland, Hedmark og Møre og Romsdal. Felles nettside: www.mrfylke.no/landbruk/setersatsing

har omtala før i Seterbrukaren, desse arrangementa som eit samla landbruk i Sykkylven står bak, har vore litt av ein suksess. 1500 gjestar ein grå regnversdag fortel alt om det! Odd fortel at dei i desse dagar er i ferd med å starte planlegginga av arrangementet neste år. Faglag og grunneigarlag er med, kyrkja sameleis, samvirkeorganisasjonane sponsar - og landbrukskontoret i kommunen tek seg av sekretærarbeidet. Vidare er andre lag involvert, t.d. var det speidarane som organiserte trafikken sist sommar – og det fekk dei sjølv sagt betalt for. Interessa for stølsturen er stor både lokalt og regionalt, og Odd seier dette og gir eit klårt signal om at mange set pris på det setra og seterkulturen har å by på. – Seterbrukarane i Sykkylven får støtte frå ”Setersatsinga”, det femårige seterprosjektet i Møre og Romsdal, Oppland og Hedmark - både til den årlege stølsturen og det meir langsiktige prosjektet, og Odd Velle understrekar kor viktig slik støtte er.



Bjørg og Odd Velle ynskjer å bruke hest som ein del av tilbodet på setra.

Olympiade for fjellost... Framhald frå side 3.

eriet i Ørsta. Den er forresten for lengst ein olympisk ost, presentert under OL på Lillehammer – og eksportert til fleire land, m.a. Tyskland. Og suksess gjorde den også i Oberstdorf! Snøfrisk er produsert av geitmjølk frå Sunnmøre og Sogn og Fjordane, og det skal vel leitast lenge etter ein ost som er produsert av meir brattlendt råstoff!

Arrangementet var svært stort – eit yrande folkeliv, musikk og andre kulturinnslag – og ein møteplass for osteprodusentar og osteelskarar! Opplegget la til rette for at deltakarane vart kjent med kvarandre, utveksla tradisjonar og kompetanse – og det var også plass til å knyte band mellom organisasjonar som arbeider for fjell-landbruket og seterdrifta.

Arrangørar var i første rekkje organisasjonen Caseus Montanus (organisasjon for fjellost skipa 2002), Landbruksministeriet i Bayern og lokale krefter i Oberstdorf.

Det var ”Alm Herdalssetra, West-Norwegen” som var påmeldt deltakar, men meir vart altså presentert: Seterlandet Sunndal, Norsk seterkultur og Snøfrisk og andre ostar frå Tine. Og dei som gjorde det var Åshild Dale, Ingunn Dale og Jostein Sande frå Norddal og deira tidlegare buedeie, no masterstudent i sosiologi i Tübingen, Ursula Offenberger, frå Walthofen litt nord for Oberstdorf.

VI ER IKKJE ÅLEINE OM BRUNOSTEN!

”Ich liebe Norwegen, brunost und Ole Einar Bjørndalen” lydde det framfor den norske bua i Oberstdorf under OL for fjellost. ”Heia Norge”, høyrde ein óg jamt i skimetropolen

– og brunosten gjekk unna! – Vi har aldri vore skråsikre, men har likevel av og til drista oss til å tru – og seie – at brunosten er nesten berre norsk. Litt i Sverige, og kjent i nokre fleire land i nord. Men i løpet av OL-helga i Oberstdorf kom det fram at på setrene i den østerrikske nabobygda Kleinwalsertal vart det tidlegare koka mysost – brunost, og kanskje var det nokon som gjorde det framleis. Bodstikka gjekk, ei eldre ”sennerin”, buedeie, vart kontakta – og ho hadde att ein bit av årets produksjon!

Bygda Kleiwalsertal markerte seg forresten veldig sterkt under arrangementet i Oberstdorf desse dagane. Ein kreativ

stand informerte om livskraftig gards- og seterdrift, og dei bau fram eit mangfald av smakfull ost. Dalen har elles ei spennande historie, folksett av fattigfolk frå Sveits for mange hundre år sidan, høyrer til Austerrike, men berre råser over 2-2500 meter høge fjell bind bygda saman med Østerrike. Med bil må dei køyre om Oberstdorf og Tyskland for å koma til det øvrige Østerrike. – Framleis er eit femtital setre i drift i Kleinwalsertal, og bøndene i bygda har organisert seg i marknadsføringa. ”Walser Buura ... buurastark (”bondesterk”) er slagordet – og til og med brunost er altså å finne mellom det mangfaldet av produkt dei byr fram.



Jostein Sande og ein representant for dei mange samarbeidande gards- og seterost-produsentane i Kleinwalsertal, ei østerisk bygd ”i Tyskland” – dei må køyre innom Tyskland for å koma til Østerrike.

Slik ho Anna fortalde det!

Ho Anna var jordajente på eit av bruka på garden Måkestad i Ullensvang. Mannen sin fann ho i Jondal, frå nabogarden min. Eller det er rettast å sei at Åmund fann henne. Han kom til Måkestad som sommarsdreng.

Anna merka seg snart det var ein triveleg og flittig dreng dei hadde fått tak i dette året. Arbeidet på slåtteteigen som ofte hadde vore både tungt og bale, vart både triveleg og meiningsfullt. Det vart giftarmål og dei dreiv garden i mange år. I slutten av 1950-åra selde dei garden sin på Måkestad og flytte til Jondal, der dei kjøpte seg hus. Eg fann meg kone frå same bygd som Anna var i frå. Det høvde ved fleire høve at Anna kom innom på besøk til oss. Sjølv om Anna no var ei gamal kone og Gjertrud ei ung, hadde dei mange ting å snakka om frå deira felles barndoms bygd.

Gardane Måkestad og Kambestad har stølen Bossvaten. Stølen ligg 2,5 mil frå heimgardane over i Jondalsfjellet. I seinare tid vart dyra frakta med båt til Jondal, så gjekk dei opp Krossdalen og inn til Bossvaten. Same vegen tok dei attende om hausten. Tidlegare gjekk dei over fjellet med kyrne. Ein gong Anna vitja oss fortalde ho om buføringa heim over fjellet i 1940. Det skildra ho så levande og godt, eg sat å hørde på – og gjekk og tenkte på det i mange dagar. Det gjorde inntrykk og sette seg fast i minnet, no skal eg prøva få det ned på papir slik ho Anna fortalde det.

10. september var alltid bufersdag. Eg var komen til Bossvaten eit par dagar i førevegen for å hjelpa budeia med alt som skulle gjerast klart. Sommar-dråtten var kløvja ned til Krossdalen og sendt vidare derifrå. Morgonmjølka bufersdagen hadde me avtale om at ein av bøndene i Krossdalen skulle koma å henta. Alt i halv sju tida om morgonen var me klare til og ta ut. Eg var som snarast bort og tala med han Samson Kambestad, han hadde hest med og dreiv på og batt opp kløva. Minnest så vel han la hammar, tang og noko hesteko-saum opp i kløva, det kunne vera nødvendig å hava med. Veret vart diskutert. Såg bra ut sjølv om det var litt mørkt i vest. Me tenkte vel



Teikning: Kari Viveli

som så at det kom seg ut på dagen. Så starta me, det gjekk greitt å få kyrne på rekkje. I den tida var alle kyrne Telemarkskyr. Eit syn var når dei svinga seg oppover ”Dårabråtet”. Var ikkje komne lenger enn opp i Tobbaksdalen då det byrja flistra og snøa, det bles noko og. Sikta vart etter kvart dårleg. Han Samson snudde seg mot meg og undrast om me skulle snu. Eg var ung og tankelaus og meinte dette måtte me greia. Var om å gjera koma seg heim. Hadde små born som var heime og venta. I det kalde snødrevet dreiv me kyrne rundt Jonstein. Til tider var det som me miste vegen! Samson ropte ut at me fekk lita på hesten og fylgja etter. Kvar hadde nok med seg og sine dyr. Eg hadde kledd meg godt, gjekk i bukse og vindjakke. På hovudet hadde eg sydvest. Hovudkluten min hadde eg knytt rundt livet. Visste ikkje ordet av før det kom ei vindkule som tok tak i den. Mikkelina, ho hadde vore budeie no sist på sommaren. Mikkelina gjekk i ein kjole av slikt slaskete bomulstøy som dei brukte i den tida. Vinden slengde kjolen over hovudet på henne og hovudkluten for over alle haugar. Løyste opp håret hennar så det sto rett ut i veret som ei sky. Det var heilt forferdeleg. Sprang til for å hjelpa henne, fekk samla håret og tok min hovudklut og knytte stramt til.

Me hadde ei gamal kyr. Ho skulle kalva om ein tre vekers tid. Ho var noko tung så eg sytte litt då me starta om ho ville greia turen. No var ho vorte i ein syrgjeleg forfatning. Var i det heile byrja få problem med buskpen, mange av folka var gjennomvåte. Frame ved Brattefonn bestna veret noko. Her hadde me ei lita kvild før me tok til med oppstigninga langst med fonna. Til vanleg hadde me faste kvileplassar. Ein av plassane var ”budeieklype”. Det er to store steinar som eit menneske så vidt kan trengja seg mellom. Her måtte budeiene gjennom for å syna at dei ikkje hadde ete seg for feite på drotten. Det vart skjemta med at dei vart trekte i lønn om dei ikkje smatt gjennom!

I denne buføra var det var det ikkje rom for noko ekstra, me sleit med vind og snødrev. Komne bort over fjellet eit stykkje stavra gamle kyra vår og vart liggjande. Nokre spreke ung-gutar vart sendt snarvegen om ”klype” og ned ”luren” til Bossvaten for å henta pledd og ultepper og nokre tågatampar slik at dei kunne dekkja over og bitta det til. Kunne ikkje gjera det annleis, fekk berre gå frå ho slik. Syntest det var meir enn syrgjeleg, beit tennene saman; såg ikkje til sides då eg gjekk. Det bestna noko med veret men me hadde ein del snø og vassa i fran til ”eggje”. Her kvilde me ei stund før me tok til å gå ned Reisetelidi. Dei som hadde vore til Bossvaten for å henta ting og dekkja gamle-kyra med, tok oss att her.



Foto frå 1914.

Den eine kom bort til meg og spurde om eg hadde høyrte kor ho rauta etter oss då me for frå ho. Takk og lov, eg hadde ingenting høyrte, det vart vel borte i den sterke vinden. Ned Reisetelidi gjekk det greitt og me fekk sett kyrne inn ”Mjøstølsflorane” til dagen etter. Det hadde vore ein strabasios dag, dette som oftast var mest å rekna for ein festdag. For vår del var det å suta for ho som låg att på fjellet. Me fekk taka til fjells att så snart det lysna neste dag. Åmund var stad og snakka med han Larsa-Helge, som var bygda-slaktaren, om han kunne vera med. Du veit me frykta for at me ikkje fekk ho med oss heim og laut til med slakting på fjellet. Morgonen etter vakna me til det finaste haustver ein kan tenkja seg, ja så fort kan det snu! Me gjorde oss klare for turen. Med det same me skulle gå kom ho mor med eit spann, om me ikkje ville ta det med, så me fekk nytta blodet om det vart slakting. Då vart eg beint sint, det kunne verta tung nok bør om me ikkje skulle slita på det og! Mor vart forfera på meg då, du veit ho var av den gamle skulen som ikkje kunne tenkja seg å hiva noko som kunne brukast til mat, dessutan var det krig i landet. Avgåre kom me oss – Åmund, slaktaren, drengjen og eg. Det var ein nydeleg dag, hadde me berre hatt vet til å venta med buføringa ein dag. Snøen bråna føre oss bortover fjellet. Kom så langt at me såg kyra. Då ho ”væra” oss reiste ho seg opp. Eit underleg syn, påkledd som ho var. Eg var skeptisk til dette heile tida, men då ho kom seg på føtene fekk eg håp om at ho skulle klara dette. Pakka ho ut og fekk ho på vegen. Ho greidde eit par hundre meter så seig ho saman. Det var inga annor råd, me laut til med slakting. Gjekk eit stykke unna medan dei skaut og stakk. Slaktaren var svinten med kniven og tok ut kalven, ein fin kyrkalv. Var liv i den men ingen vits å ambla med, kunne ikkje bera den lange vegen heim. Kjøtet vart oppdelt, lagt i gråpapir, pakka i ryggsekk til passeleg bør. Resten la me på eit skarv, la rundt det med stein så godt me kunne. Trer voks det ikkje på lang lei og lite var det med stein å finna, var vel i ca. 1250 m. høgd. Tenkjer enno på dei fæle kjøttbørene. Ein ting var at dei var tunge, noko anna var varmen og lukta av det nyslakta kjøttet. Kom oss no heim til kvelds.



III. foto. Bård Bårdløyken. www.heidal.no

“Ysta ost og kjinna smør”

- bok om setrene i Heidal

I samarbeid med lokale krefter i Heidal har forfatter Arvid Møller og Thorsrud AS, lokalhistorisk forlag på Lillehammer gitt ut boka “Ysta ost og kjinna smør”. Det var Steinar Løsnesløyken og Pål Prestgard fra Heidal som fekk ideen om å samle inn stoff og registrere opplysningar om setrene i bygda.

Det er lokalavisa Norddalen som melder dette i artikkelen “Lanserer seterbok”. I eit intervju med eitt av medlemmane i redaksjonskomiteen, Steinar Løsnesløyken, i høve “Ope Hæg i Heidal” 17.-19. august går det fram at Heidal har hatt 170 setrer og ti seterstuler. Ein person frå kvar seterstul var med på registreringa. Arvid Møller vart kontakta for å få samla stoffet i bokform. Løsnesløyken meiner dette er ei bok som passar for folk som er fødd og oppvaksne i Heidal, bor der eller på annan måte har tilknytning til bygda og som ønskjer å lesa om setrene i bygda og korleis seterlivet var. – I boka er det intervju med blant anna flere budeier som har lang fartstid bak seg på setrene, sier Løsnesløyken til Norddalen. Han fortel elles at det i sommer var drift på ni setre i Heidal, men at det frå neste sommar truleg blir færre.

Dagen etter var me så trøytte at me laut kvila. Så det vart neste dag att før me henta resten av kjøtet. Då vart me lange i nasa, fuglen hadde vore, der rulla vekk steinen og ete reint so berre beina låg att. Det vart ikkje tunge bora den dagen!

Anna slutta forteljinga med at dei hadde ei kvige som dei hadde lova bort. No vart det ikkje noko av denne handelen. Kviga fekk båsen til gamlekyra. Så vart det kyr på alle båsan denne vinteren og!

Frå mine barndoms dagar hugsar eg godt buføringa frå Bossvaten gjennom Krossdalen. Det var slik at når dei skulle til støls kom dei til Jondal med båt; hadde ikkje eigen båt men fylgde rutebåten som gjekk mellom Odda og Bergen. Gardane Måkestad og Kambestad høyrde til båt ekspedisjonen Nå, og leste opp kyrne sine der. Båten var der ut på kvelden og kom til Jondal ut på natta. Så gjekk dei oppover Krossdalen og til Bossvaten i den lyse sommarnatta. På denne tida av døgeret søv dei fleste, og det einaste eg hugsar av det, var alle ku ruene på dalavegen. Derimot hugsar eg godt buføringa om hausten, siste gong det var støling på Bossvaten var i 1959. Skal fortelja slik eg hugsar det, var 13 år den gongen.

Etter krigen vart det slutt med buføring over fjellet, det var lettare med båt. Buføring heim om hausten var alltid 10 september. Utpå ettermiddagen kom dei heim til Krossdalen med kyrne og der fekk dei gå



Telemarkskyr. Bilete frå nettstaden telemarkfe.no

på bøen nokre timar til det var tid til å gå til båten. Nokre bønder hadde vore innover med hest og hjelpt til med kløvjing av det som skulle heim. Far min, som hadde bil, køyrde så langt det var veg og tok over for å køyra lasset ned til kaia. Som betaling for køyreturen fekk han smør og ein stor gamalost. Smøret var kjempegodt, men ikkje gamalosten, tykte eg.

Då det lei ut på kvelden kom kyrne rekjande nedover dalavegen. Fyrst kom budeia, så kom 50-60 telemarkskyr, deretter dei som var med og hjelpte til. Det var verkeleg eit syn. Nedkomne til Jondal var det å bitta kyrne der det fall seg slik, i gjerdepålar ved Hotellhagen, Brattabøhagen og andre plasser. Så bar det til med kveldsmjølkinga, kan ein førestilla seg det i dag: budeiene sat midt på haldeplassen i Jondal og mjølka kyrne, på plassen som i dag er ferjekai og oppstillingsplass for bilar! Det var alltid mange framømte for å sjå på. Så kom kjerringane som budde i nerleiken med spann og fekk mjølk. Etter mjølkinga var det enno ei stund før rutebåten var ventande. Budeiene og andra damer som var med, gjekk då på hotellet, sat der og drakk kaffi og vin.

Mannfolka gjekk rundt og snakka med kvarandre, var innom eit og anna naust for ein styrkedråpe og var ikkje heilt edru. Kjemp så vel i hug Torstein og Sjur, dei var svograr og gode vener. Torstein var omtrent like brei som høg, Sjur lang og tunn. Så gjekk det ikkje likare til enn då dei skulle gå inn til “Brattabøen”, steig Torstein att og bak og datt utfor trappa. Tjukk som han var datt han heller mjukt og låg som ei tue. Ser for meg lange Sjur då han bøyer seg over han og seier “slik går det når ein har i seg for mykje nafta”. For oss gutungane hadde auger og øyrer, mest som fest å rekna. Så endeleg kom båten til syne framfor Sætveitneset og bles i fløyta når han kom inn vågen til kaia. No vart det liv og røra, fyrst skulle alt av sekkjer og pikk og pakk om bord. Så kom

turen til kyrne, så mange det var plass til skulle heisast ned i rommet, resten laut stå på dekk. Krana vart svinga inn over med selen som dei skulle heisast etter. Denne selen gjekk under navnet stutaselen. Så vart kyrne leidd fram ei etter ei, stutaselen festa slik den skulle - så let komandoret “hiv opp”. Då var det best å vera på god avstand, alle som har med dyr å gjera veit kva nervøse dyr gjer som siste utveg. Då kyrne hang i selen var det berre så det plaska med blautmøk i kaia - og det som våtare var. Han som styrde heisen let kyrne hengja i lause lufta ei lita stund, slik at ei fekk gjera skikkeleg frå seg før dei vart svinga inn over båten og ned i rommet, det tok si tid. Så var det ikkje plass til fleire i rommet og resten laut stå på dekk. Dei måtte då leiast over same landgangen som folk bruka, enkelte kyr hadde vore med på dette før og det gjekk greitt, andre spelte heilt opp og det var ikkje spøk, alle gjorde så godt det let seg gjera. Å komandobruer sto kapteinen som var ein brumlebasse og skulle ha kontroll med det heile. No tok det på tommodet, og han slengde ut så det høyrdest “at no fikk de se til og få den helvedes kuen til og gå, vi kan ikke ligge her hele natten, er jo allerede over en time etter ruten”. Langt om lengje var det heile over og rutebåten la frå kai, det siste me såg var Sjur som sto og vinka så lenge me kunne sjå han. Dette var siste bufer frå Bossvaten. Morgonen etter var Jondalskjerringane tidleg oppe, kom med trillebårer og bøtter for å samla kumøkk til bruk på rosebuskar og blomebedd. Han som styrde med kaia hadde ein svera jobb med spyleslange og kost.

Det var andre tider og snart 50 år sidan! I dag er det ikkje ei einaste kyr på gardane Måkestad og Kambestad, det er fruktgardar, nokre har litt sau. Stølsbusa på Bossvaten er heldigvis haldne fint ved like og er brukt som hytter.

Odd Arne Espeland

Budeiekalenderen


”Med hjerte for seterlivet”

Kalenderen er produsert av Eireway Ltd med støtte fra Fylkesmannen i Hedmark og Seterprosjektet i Nord-Østerdalen.

Fotograf og journalist Ingrid Eide presenterer den norske budeia i Budeiekalenderen 2008 som leveres i to utgaver:

Årskalender (A3) Pris kr 190,- + porto
Planleggingskalender (A5) Pris kr 230,- + porto

Ring inn din bestilling på telefon 900 15 929 / 952 07 555 eller send den på epost til ingrid@eide.no



okranhonor - Foto: © Vera Gjessan

FORMEL


FORMEL gir best tilpasning til beite

Rett FORMEL på beite gjør det enklere å:

- Holde ytelsen ved hard beiting
- Holde høgt proteininnhold i mjølka
- Tilføre nødvendige mineraler

FORMEL Favor 28	Til svært godt beite og raigrasbeite med lågt innhold av fiber.
FORMEL Favor 30	Til middels godt beite.
FORMEL Elite	Til middels beite og ønske om høy mjølkeproduksjon. Når beitekvaliteten avtar og kyrne må ha høy kraftfôrandel i fôrrasjonen.
FORMEL Favor 20	Til utmarksbeite og svakt gjødsla beite.

Kraftfôrmengdene må justeres etter utvikling i mjølkemengden, holdet på dyra og beitekvaliteten.



Mange av våre produkt har rot i stølskulturen og vi støtter Norsk seterkultur i arbeidet for denne driftsforma

Bli med i



Medlemskontingent 2008

Aktiv seterbrukar	kr. 300,-
Støttmedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 200,-
Organisasjon/institusjon	kr. 500,-

Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
- Organisasjon/institusjon
- Støttmedlem/tinging av Seterbrukaren

Namn:

Adresse:

Telefon:

Du kan også registrere deg som medlem på våre heimesider: www.seterkultur.no

NORSK SETERKULTUR

6214 NORDDAL Tlf.: 70 25 91 77 – Fax: 70 25 91 57

E-post: seter@seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51 169